

10.4.2018

Til nettselskapa i Møre og Romsdal

HUBRO OG HØGSPENTLINER

Naturvernforbundet og NOF har over tid sett at tilhøva for spesielt hubroen ikkje har betra seg. Den negative utviklinga med at par forsvinn frå kjente lokalitetar ser enno ikkje ut til å ha stoppa. Vi ønskjer difor å rette søkelyset på kva ein kan gjere for denne arten som er sterkt truga.

Norsk Institutt for Naturforskning NINA konkluderte i 2007 med at kraftliner var viktigaste årsak til stadig bestandsnedgang hjå hubro i Noreg (Rapport 239). Hovudtrugsålet er straumstøyt ved postering på kraftmaster, hovudsakleg 22kV-liner. NVE har tatt opp problemet i brev til alle områdekonsesjonærane om avbøtande tiltak, datert 6. des. 2011. Det ligg ei forventning frå NVE om at ein ikkje lenger skal bruke piggisolatorar utan avbøtande tiltak for hubro. I Møre og Romsdal kjenner vi til berre ca. ti aktive hubro-lokalitetar, og det er fare for at bestanden dør ut fortare enn tiltaka blir sett i verk.

Ei hovudutfordring er knytt til piggisolator utan samtidig avbøtande tiltak. Isolering eller bruk av avvisar og sitjepinne er enkle og vel utprøvde tiltak, beskrive i NVE si brosjyre frå 2011 om "Fugl og kraftledninger - tiltak som kan redusere fugledød".

Vi ser det som svært vesentleg å kunne identifisera stolpar som set hubroen i fare, slik at ein kan setje inn tiltak der det har best verknad. Dette gjeld såvel innanfor som utanfor kjente hekkeplassar, ettersom ungfuglar streifar milevidt første levetida (linedrept hubro er funne også utanfor kjente hubroevir). Tiltaka må gjennomførast før områdekonsesjonen skal fornyast, dvs. at nettselskapet medverkar til dette utan at det er direkte pålagt med lov. Dette er i tråd med NVE sine forventningar.

Vi ønskjer å få opplyst følgande om bruken av avbøtande tiltak for hubro på 22kV-nettet innanfor dykkar dekningsområde (isolering eller avvisar/sitjepinne).

1. Monterer de nye piggisolatorar på nye liner utan samtidig avbøtande tiltak av lina ved masta?
2. Monterer de nye piggisolatorar når gamle må bytast utan samtidig avbøtande tiltak av lina ved masta?
3. Har de sjølv kompetanse, eller skaffar de kompetanse til å vurdere kva strekkingar som er spesielt utsett i dykkar forsyningsområde?
4. Kva andre tiltak har de iverksett for å unngå at hubro dør i kontakt med linenettet dykkar?
5. Planlegg de nybygging/renovering av høgspenlinjer i dykkar område dei neste to åra?



Innanfor registrerte hekkeområde er nettselskapa gjennom statleg tilskot spesielt oppfordra til å iverksetja avbøtande tiltak for å hindra at hubro blir drepen av straumstøyt. Samanlikna med andre fylke er Møre og Romsdal dessverre kome kort med dette arbeidet. Vi forventar større initiativ frå nettselskapa, og at tiltaka må omfatta heile 22kV-nettet (Illustrasjonsfoto av straudrepen hubro, Aurland i Sogn og Fjordane 2018).

Med helsing

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Norsk Ornitologisk Forening (NOF), avd Møre og Romsdal

Øystein Folden

Olbjørn Kvernberg, leiar